# Protokoll - Årsmøte 2024

Dato: 14.03.2024 18:00

Sted: Triohuset

Sak 24/1/1

## Godkjenning av stemmerett

§ 2-5. Generelle regler om stemmerett, valgbarhet, forslagsrett mv.
(1) For å ha stemmerett, være valgbar til årsmøte-/tingvalgte organer og kunne velges/oppnevnes som *representant til årsmøte/ting i overordnet organisasjonsledd, må man ha fylt 15 år i løpet av kalenderåret,* vært medlem av idrettslaget i minst én måned og ha gjort opp sine økonomiske forpliktelser til idrettslaget. Særforbund kan ha ytterligere valgbarhetskrav i egen lov etter godkjenning fra Idrettsstyret.

**Vedtak**

23 medlemmer med stemmerett, jfr vedlagte liste. En fremmøtt uten stemmerett.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 24/1/2

## Val av ordstyrar og protokollførar

**Vedtak**

Forslag fra Geir Ove Eikemo: Knut Prestnes velges som ordstyrer
Forslag fra Knut Prestnes: Eskil Moen velges som referent

Vedtaket var enstemmig.

Sak 24/1/3

## Valg av to medlemmer til å underskrive protokollen

**Vedtak**

Forslag fra Svein Røyrvik: Henning Haga og Dagfinn Jensen velges til å signere protokollen

Vedtaket var enstemmig.

Sak 24/1/4

## Godkjenning av forretningsorden

FORRETNINGSORDEN FOR GJENNOMFØRING AV ÅRSMØTE I IDRETTSLAG
1. Gjennomføring av årsmøtet
1.1 Årsmøtet ledes av den valgte dirigenten, og skal gjennomføres i samsvar med NIFs lov og denne forretningsorden.
1.2 Enhver som ønsker ordet på årsmøtet, må melde seg til talelisten og kan bare tale til årsmøtet når dirigenten har gitt vedkommende ordet.
2. Taletid
2.1 Medlem/årsmøtevalgt organ med forslag på saklisten, gis nødvendig taletid for å presentere forslaget.
2.2 For etterfølgende innlegg, er taletiden tre minutter for første innlegg, to minutter for andre innlegg og ett minutt for tredje innlegg. Ingen gis rett til ordet mer enn tre ganger i samme sak.
2.3 Etter forslag fra dirigenten eller et medlem/årsmøtevalgt organ, kan årsmøtet beslutte å:
- sette strek for de inntegnede talere
- sette strek for nye forslag
- øke antall innlegg
- endre taletiden
- gi taletid til personer uten talerett
2.4 Person med talerett som ber om ordet til forretningsorden har ett minutt taletid.
3. Behandling av forslag på årsmøtet
3.1 Person som vil fremme eventuelle forslag/endringsforslag, under årsmøtet må meddele forslaget skriftlig til dirigenten og være signert av medlemmet.
3.2 Forslag kan bare fremmes i saker som står på saklisten.
3.3 Etter at saklisten er godkjent, kan ikke forslag som fremgår av saklisten trekkes uten at årsmøtet aksepterer dette.
4. Stemmegivning
4.1 Stemmegivning gjennomføres i samsvar med dirigentens angivelse. Dirigenten skal klart angi hvilken sak det skal stemmes over..
4.2 Dersom det kreves eller er nødvendig med skriftlig avstemming, skal avstemming skje ved å benytte skriftlig skjema.
5. Protokoll
5.1 Det føres protokoll over årsmøtets forhandlinger. Protokollen føres av de årsmøtet har valgt til å føre protokoll.
5.2 I protokollen innføres hvem som har hatt ordet i sakene, hvilke forslag som er fremmet, hvem som er forslagsstiller, hvilke vedtak som er fattet i den enkelte sak, og resultatet av avstemninger med antall stemmer for og imot og ev. blanke stemmer.
5.3 Protokollen skal publiseres på idrettslagets hjemmeside så snart den er godkjent

**Vedtak**

Forretningsorden godkjennes slik den ligger

Sak 24/1/5

## Godkjenning av innkalling

Årsmøtet ble kalt inn via Spond den 9.2, i lokalpressen den 15.2 med påminnelse i lokapressen den 8.3.

**Vedtak**

Godkjennes uten merknader

Sak 24/1/6

## Godkjenning av saksliste

Leder orienterer om avvik fra krav knyttet til frist for offentliggjøring av møtedokumenter.

Videre orienteres det om Trio sin lov, NIF sin lovnorm og Trio sin organisering.

**Vedtak**

Sakslisten godkjennes slik den ligger

Vedtaket var enstemmig.

Sak 24/1/7

## Behandle idrettslagets årsmelding

De gruppelederne som var tilstede redgjorde kort for gruppenes aktivitet, i tillegg til lederens presentasjon av hovedstyrets årsmelding.

Håvard Solheim forlot møtet klokken 18:30, møtelyden var da på 22 medlemmer med stemmerett.

**Vedtak**

Merknad fra Svein Røyrvik: Årsmeldingen bør inneholde en oppstilling av eksterne gavemidler som finansierer aktiviteten, og en takk til de stiftelsene og eksterne bidragsyterne som finansierer aktivitet og anlegg.

Merknad fra Dagfinn Jensen: Påpeker at rapporteringen av aktive utøvere avviker fra tidligere. Rapporteringen følges opp av nytt styre i samarbeid med gruppene

Årsmeldingen tas til orientering uten øvrige merknader.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 24/1/8

## Behandle idrettslagets regnskap og kontrollutvalgets beretning

Kasserer redgjorde for regnskapet.

Einar Opedal ankom klokken 19:17, under behandling av saken. Møtelyden var da på 23 medlemmer tilstede med stemmerett

**Vedtak**

Årsmøtet tar kontrollutvalgets beretning til orientering, og godkjenner årsregnskap for 2023.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 24/1/9

## Innkomne saker - Utvikling av Trio Idrettslag

Styret foreslår å behandle saken sammen med sak 10

**Vedtak**

Saken behandles sammen med sak 10

Vedtaket var enstemmig.

Sak 24/1/10

## Innkomne saker - Daglig leder

**Vedtak**

Forslag til vedtak fra styret:
Styret får fullmakt til å innleige / tilsetje ressursar knytt til prosjekt "utvikling av Trio Idrettslag" Prosjektet skal leggje fram forretningsmodellar for ulike måter å ta hånd om den daglege drifta i Trio, styrets oppgåver, samt gruppenes administrative behov. Modellar skal innehalde bl.a vurderingar av alternativ med budsjett . Utgreiinga skal vera utført innan medio september 2024.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 24/1/11

## Innkomne saker - Oppdatering av Trio sitt hedersmerke

**Vedtak**

Styret i Trio idrettslag skal oppdatera retningslinjer for heidersmerke, vedteke på årsmøtet 4. desember 1970, og gjere dei tenelege for vår tid.

Oppdateringa skal seinast vere klar årsmøtet 2025.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 24/1/12

## Fastsette medlemskontingent for 2025

Forslag til vedtak fra styret:
Kontingentene videreføres på 250,- for barn, 500,- for voksen (over 16 år), 250 for støttemedlem og maksimalt 750,- for familiemedlemskap.

**Vedtak**

Kontingentene videreføres på 250,- for barn, 500,- for voksen (over 16 år), 250 for støttemedlem og maksimalt 750,- for familiemedlemskap.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 24/1/13

## Valg

Valgkomiteens leder Svein Røyrvik redgjorde for valgkomiteens arbeid og innstilling.

**Vedtak**

Alle valg gjort i samsvar med valgkomiteens innstilling (vedlagt)

Vedtaket var enstemmig.

Sunde 17/3-24

Dagfinn Jensen

Henning Haga

# Deltakarliste – Årsmøte Trio idrettslag, torsdag 14. mars 2024

| Nr. | Namn | Mobilnummer | Medlem | Ikkje medlem | Gruppe (valgfri) | Stem-merke |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Kyrt Prestøes | 91730107 | X | | | Ok |
| 2 | Eskil Moen | 99446607 | X | | | Ok |
| 3 | Trond Inge Kumll | 91667069 | X | | | Ok |
| 4 | Egil Jacobsen | 40401525 | X | | | Ok |
| 5 | Sven Røyrvik | 95169137 | X | | | Ok |
| 6 | Javier Araya | 97186379 | X | | | Ok |
| 7 | Sille Tars | 90401375 | X | | | Ok |
| 8 | Lena Hedhaug | 47142976 | X | | | Ok |
| 9 | Frida Haugen | 91763487 | X | | | Ok |
| 10 | Dagfinn Jensen | 95062305 | X | | | Ok |
| 11 | Hesborg Iregins Sjo | 97468617 | X | | | Ok |
| 12 | Hanne Larsen | 97045105 | X | | | Ok |
| 13 | Knut Røyrvik | 47833166 | X | | | Ok |
| 14 | Tor Opsaugen | 95768154 | X | | | Ok |
| 15 | Håvard Solheim | 46910686 | X | | | Ok |
| 16 | Henning Haga | 97161232 | X | | | Ok |
| 17 | Geir Ove Eikemo | 47283223 | X | | | Ok |
| 18 | Inse Marie Moen | 94166083 | X | | | Ok |
| 19 | Maria Solheim Thorsen | 92847906 | X | | | Ok |
| 20 | Hilde Bakkebø | 97778377 | X | | | Ok |
| 21 | Tor H. Bringedal | 97704210 | X | | | Ok |
| 22 | Espen I. Lillesund | 91366919 | X | | | Ok |
| 23 | Stian Sund | 93408747 | X | | | Ok |
| 24 | Ingeborg Therese Seim Stusvik | 95728617 | | | | – |
| 25 | | | | | | |

# ÅRSMELDING HOVUDSTYRET - 2023

## Hovudstyret

| | |
|---|---|
| Knut Prestnes | Leiar |
| Hilde Bakkebø | Nestleiar |
| Egil Jacobsen | Regnskap |
| Ingvild Revne | Skrivar |
| Håvard Solheim | Styremedlem |
| Signe Torill Skogseth | Vara |

Hovudstyret har totalt hatt 10 styremøter i denne perioden: 13.04.23, 31.05.23, 28.06.23, 22.08.23, 19.10.23, 24.10.23, 14.12.23, 11.01.24, 08.02.24, 07.03.24. Samarbeidet i styret har fungert godt.

## Saker i 2023

Tett dialog med gruppene med nye representantar i dei ulike styrene, og etter årsmøtet for 2022 starta ein det nye året med eit fellesmøte. Bakgrunn for møte var at ein skulle ha informasjon med gruppestyrene og hovudstyret for å avklare rollefordeling og ansvar.

I årsmøtet for 2022 blei 3 nye grupper vedtatt, og oppretta kort tid etter: Basket, klatring og E-sport. Hovudstyret har bistått med støtte og samarbeid etter behov gjennom året.

I 2023 har hovudstyret undersøkt kva moglegheiter og erfaringar IL Trio kan hente i arbeid mot nytt svømmebasseng. I juni kom Per Rune Eknes, tidlegare president i svømmeforbundet, og han presenterte ulike løysingar både for 50- og 25-meter basseng. Hovudstyret vedtok å opprette ei prosjektgruppe på 3 personar som skulle sjå på vegen vidare mot eit framtidig svømmeanlegg i tilknytning til miljøet omkring Husnes Idrettspark. Den politiske prosessen er satt i gang.

Hovudstyret har jobba vidare med prosjektet "frå grus til gras", dvs. kunstgras på den gamle grusbanen. Prosjektet er implementert i *Kommuneplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2023-2026*, utfordringa er å finna eit alternativ til gummigranulat som nyttast i dag. Gummigranulat er eit stort miljøproblem, og i EU-direktivet av 2023 vil det vere forbudt i løpet av ein åtteårsperiode. Prosjektet er fullfinansiert.

## Økonomi

IL Trio har ein sunn og god økonomi. Det vert utført mykje godt arbeid i gruppene og gode prosjekt, som utløyst stønad frå mellom anna SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad. Viser elles til rekneskapen. Hovudstyret takkar alle sponsorar og samarbeidspartnarar for eit godt samarbeid.

## Medlemstal

Under 18: 662 stk
Over 18: 133 stk
**Totalt: 795**



Jubileumsboka "Heia Trio"

Har eit restopplag på ca. 800 stk.

Hovudstyret vil takka alle medlemmar, trenarar, leiarar og tillitsvalde for eit godt utført arbeid i 2023.

Husnes, 07.03.2024

For hovudstyret,
Knut Prestnes
Leiar

# Årsmelding for fotballgruppa 2023

## Styret

Styret i fotballgruppa har i 2023 bestått av
Leder: Eskil Moen
Nestleder, senioransvarlig: Jim Are Hansen
Økonomiansvarlig: Knut Eikemo Steine
Sekretær: Kenneth Ingvaldsen
Barneansvarlig: Stian Sund
Anleggsansvarlig: Geir Øystein Heggøy

I tillegg til rollene over har Eskil Moen hatt dobbeltroller, og vært fungerende ungdomsansvarlig og fungerende sportslig leder.

Styret har i perioden fungert godt, og arbeidet har vært smidig. Det har ikke vært behov for noe særlig med formelle styremøter, de fleste beslutninger har blitt tatt ad hoc via digitale kanaler.

## Sportslig

Sportslig utvalg har ikke fungert i 2023, fordi rollen som sportslig leder har vært bekledd av gruppeleder, i mangel på kandidater til å ta på seg jobben. Arbeidet som ligger under sportslig utvalg sitt mandat har derfor lidd kraftig. Utvalget har håndtert de saker som har kommet inn som gjelder hospitering og oppflytting, men utover dette har utvalget ligget dødt. Skal klubben opprettholde sertifiseringen som NFF Kvalitetsklubb må sportslig utvalg fungere.

Sportslige resultater har vært i tråd med ambisjonene for senior herrer, som er den eneste klassen der klubben har uttalte sportslige resultatmessige ambisjoner.

Klubben har et uttalt mål om å reetablere et A-lag for kvinner. Dette har ikke vært jobbet med i 2023, da det ikke har vært noe etterspørsel blant spillere eller medlemmer.

Vi har i sesongen hatt lag i alle aldersklasser for gutter fra 6 til 16 år. På jentesiden har det vært sammenslåtte lag for 2011+2012, 2009+2010, og 2007+2008. Målet er å ha egne lag i alle aldersklasser for begge kjønn, så her er man bak målsetningen på jentesiden.

Banekapasitet er fortsatt en utfordring, samt forholdene på Kvednabekkjen når det blir frost. Banen er i praksis ikke brukende i minusgrader.

## Dugnad og frivillighet

Som tidligere år ser man at det er litt for står for store deler av den frivillige innsatsen som legges ned i klubben. Gruppa arrangerte to dugnader på tvers av lagene i sesongen, den første på vårparten, med salg av microfiberkluter fra FibGreen, den siste var å arrangere romjulsfest i Kvinnherad Arena. Salgsdugnaden ble ikke noen suksess, med dårlig gjennomføring både fra leverandørens side, fra styrets side, og fra lagenes side. Den bidro likevel med betydelige inntekter, rundt 160.000 i overskudd, og det er viktig at man får synliggjort ovenfor klubbens medlemmer og deres foresatte hvor avgjørende dugnadsinnsats er for finansiering av aktiviteten vår.

Romjulsfesten ble en ubetinget suksess. Lagene sleit med å skaffe nok frivillige, men vi kom i mål der i samarbeid med lagene, onsdagsgjengen og andre ildsjeler. Rundt 60 personer var i

sving under selve arrangementet, og økonomisk sitter man igjen med et overskudd på rundt 270.000,-.

## Trioløftet

Trioløftet ble etablert etter initiativ fra Maria Solheim Thorsen, Kenneth Ingvaldsen og Kristine Røyrvik. Prosjektet er et prøveprosjekt i fotballgruppa, som har som mål å styrke fokuset på inkludering og «alle med», uavhengig av økonomiske barrierer. Prosjektet har fått inn mye støtte fra både banker, stiftelser og særforbund. Trioløftet markerte slutten på 2023-sesongen ved å invitere alle spillere til et stort arrangement i Kvinnherad Arena. De aller fleste spillerne våre i barne- og ungdomsavdelingen deltok, og arrangementet var en stor suksess. På fotballfesten hadde vi samarbeid med både Turngruppa og Klatregruppa som bidro med aktiviteter for medlemmene våre.

Prosjektet Trioløftet må evalueres, med sikte på å etablere dette som et tiltak for hele klubben og ikke bare fotballgruppa.

## Økonomi

Styrets kontroll med økonomien har vært utilstrekkelig, noe som tydeliggjøres av at gruppa gikk tom for driftsmidler i september. For å sikre aktiviteten ut året søkte fotballgruppa om et driftstilskudd fra hovedlaget på kr 100.000,-. Årsakene er sammensatte, men den viktigste er nok at styret ikke har vært kompetent til å lage et godt budsjett, da ingen i styret hadde vært tillitsvalgt i en full sesong tidligere. På tampen av året fikk man inn gode inntekter fra romjulsfesten, som bidrar til å bygge opp igjen en buffer på gruppas driftskonto.

Gruppa hadde tatt høyde for betydelige inntekter fra Husnescup. Cupen måtte imidlertid avlyses på grunn av for svak påmelding, dette har også bidratt til manglende samsvar mellom kostnader og inntekter.

## Jentefotball

For å styrke jentefotballen reetablerte vi i 2022 jenteutvalget, som skal jobbe særskilt med tiltak for rekruttering og utvikling innen jentefotballen. Utvalget har arrangert noen jentesamlinger i 2023, og fått inn støtte fra Sparebanken Vest til dette arbeidet. Jenteutvalget har ikke blitt så aktivt som man håpte på før sesongstart, her er det rom for forbedring. Som på alle andre fronter er vi avhengig av innsatsen fra de frivillige, og skal vi lykkes med å styrke arbeidet innen jentefotballen må de foreldrene som har et engasjement for jentefotball komme på banen.

## Lagene

### J6 – 2017

Jentene er heldige å har 3 flinke jenter frå 10. trinn til å trene dei. Vilde Reime, Sofie Sollihagen Nilsen og Heida Sigthorsdottir, med støtte frå Kristine Frøystein Reime. Lagleiar er Nina Medhus. Vi har 12 spelarar frå Husnes, Sunde og Valen.

Vi har hatt utetrening ein gang i uka i haust, og innetrening i gymsalen i vinter. Dette har fungert veldig fint og dei er ein ivrig gjeng som har det veldig kjekt saman.

Vi deltok på vår første cup i Rosendal i haust, det var stor speleglede og ein fin opplevelse. Fotballfesten i Kvinnherad Arena var og ein fin opplevelse der jentene koste seg veldig.

## G6 – 2017

**Støtteapparat gutar 2017 i 2023:**
**Hovudtrenar**: Christer Olderkjær
**Trenar**: Daniel Røyrvik
**Lagleiar**: Eirik Werner Eikeland
**Antall spelarar:** 15
**Cup**: Delteke på 1 cup, Minicup i Rosendal

Vårt lag kom noko seint i gang med årets sesong. Det er få gutar som byrja på Undarheim i august, og me sleit noko med påmeldinga til lag. Etter kvart vart me slått saman med gutane frå Sunde og Valen, eit realt Trio. Då me etter kvart fekk satt opp støtteapparatet var planen var å starte fotballtreninga før sommarferien. Det fekk me dessverre ikkje til, og me starta då ikkje før i august.

Me har hatt ei gruppe på 15 gutar som har trent ein gang i veka. Det har stort sett vore godt oppmøte. Treningane har vore kjekke, og Christer og Daniel har lagt opp til gode økter med lite venting. Spelarane har og vist god interesse og me har hatt eit godt fokus på treningane. Då regnet og kulda kom i oktober flytta me inn i gymsalen på Undarheim. Der har me framleis treningane våre.

Me har berre delteke på ein cup i 2023, på minicup i Rosendal. Me satsar på fleire deltakingar i 2024, allereie 10.02. i Odda.

## J7 – 2016

Jentene har hatt god sportslig og sosial utvikling gjennom året. Treningsframmøte har vore svært godt, noko som har gjenspegla seg i ferdighetene på banen. Det har vore stort fokus på fair play og her har jentene vore eineståande. Treningane har vore ei god blanding av basistrening og leik. Det har vore nokre fråfall gjennom sesongen der nokon har prioritert andre idrettar og det tenker me er heit greit i denne alderen. Det viktigaste er at ungane er aktivite. I den kalde årstida har me trent inne i gymsalen ved undarheim skule. Dette har vore positivt for å oppretthalda eit godt oppmøte.

Spelargruppa har bestått av følgjande jenter;

Ellern Gravdal, Helena Tveit Havnerås, Johanna Sundsteigen Hansen. Mila Gamst Eikeland, Tiril Vimme Røssland, Villa Lillesand, Ella Mikkelsen Heggøy, Alexsandra Munthe og Gunn Elida Borgen Haktorson

Trenarar har vore Kjersti Mikkelsen Heggøy og Roger Røssland. Caroline Sundsteigen har vore foreldrekontakt.

Laget har delteke på følgjande cupar:

-Odda Trykkeri Cup, februar

-Minicup Herøysund, april

-Minicup Husnes, mai

-Minicup Halsnøy, juni

-Puttefestival Stord, august

-Minicup Uskedal. September

-Minicup Rosendal, oktober.

## G7 Husnes – 2016

Lagets støtteapparat:
- Trener Rune Kvernenes
- Trener Kristoffer Kaldestad
- Lagleiar Sandra Røssland/Inger Lise Solheim

Vi har hatt 10 spillere på laget. I starten hadde vi med foreldrene på sidelinjen, dette følte vi funket dårlig. Etter foreldrene «forsvant» fra treningene er det blitt mye bedre konsentrasjon og fokus.

Vi har deltatt på følgende cuper:

- Minicup Herøysund
- Minicup Halsnøy
- Minicup Uskedalen
- Minicup Rosendal

I begynnelsen av året var det mye surr på treningene, dette har blitt bedre, men del er fortsatt litt å hente der. Vi har en trening per uke, og det er foreløpig nok for største delen av gruppen. Vi har deltatt på cuper, der vi har stilt med 2 lag på samtlige, det har vert stor stas for spillerne med kamper og medaljer. Vi fortsetter med godt mot inn i 2024!

## G7 Valen – 2016

*Støtteapparat:*
Trenar: Henrik Lægreid Røssland
Trenar: Benjamin Taranger
Lagleiar: Yngve Olsen
Dugnadsansvarleg og foreldrekontakt: Kristoffer Brede

Laget har hatt 9 spillere.

Det som har vært bra er at laget har vist stor framgang gjennom året. Guttene har vist treningsvilje, omsorg for kvarandre, og bra fairplay overfor motstander og dommer. Vi har også klart å få tilgang til gymsalen på Valen skule og har trent der når været ikke spiller på lag.

Det som ikke har fungert bra er at enkelte foreldre ikke melder av ungen på spond før trening. Enkelte ganger har vi vært såpass få på trening at det har vært uhensiktsmessig å fullføre treningen. Utstyret og plassmangel i Valeparken har ført til at vi har måttet bruke ballbingen mykje.

Laget har kun deltatt på lokale cuper i år. Det er noe ungene gleder seg til i flere uker før cupen starter. Denne sesongen ønsker vi å dra på cup til Stord (dagstur) dersom det er mulig.

## J8 – 2015

Trenere for laget er Stian Sund, Andreas Eide og Aleksander Ekeland.

Vi startet året med 10 jenter og fekk ei til med fra sommeren av, så avsluttet sesongen med 11stk.

Vi har trent ein gang i veka siden oppstart midt i januar, til vi avsluttet sesongen med cup i Rosendal i slutten av oktober. I januar og februar hadde vi treningene i gymsalen på Sunde skule. Resten av året på Kvednabekkjen.

Vi har deltatt på dei lokale cupene til Halsnøy, Uskedalen, Herøysund og Rosendal i år. I tillegg har vi deltatt på Bama cupene på Vedavåg(Karmøy Storhall) og Solid. Og Puttefestivalen på Stord. Desse reise cupene har vore meget velykket både sportslig og sosialt.

Vi har syntes det har vore for lange lokale cuper i år og litt kjedelig å møte dei samme lagene kvar gang.

## G8 Husnes – 2015

Trenarar for laget er Anders Kjerpeset og Johnny Øvstebø.

Dette året har laget med 13 aktive spelarar delteke på alle dei lokale cupane som har vore arrangert. Laget har også deltatt på Kiwi Bama cup på Solid og Puttefestivalen på Stord. Dette var positive opplevelser for alle spelarane der dei viste fin sportsleg utvikling med meir pasningsspel og deltaking i spelsituasjonar.

Treningsviljen i laget er bra. Dei fleste møter opp på alle treningane og er positive til aktivitetane. Ein del av spelarane samlast også på fritida for å spele fotball. Dette er veldig positivt både for sportsleg og sosial utvikling.

Laget ser fram til å trene innandørs i vinter og er klare for fleire cupar i tida som kjem.

## G8 Valen – 2015

Gutter 8 Valen har i 2023 vært 10 spillere, hvor Marius Olsen har vært trener og Madelen Ølmheim har vært lagleder. Vi har deltatt på 5 cuper i kommunen og 1 på Stord, det har vært en motivert og fin gjeng som har stilt på cuper hvor de har fått mulighet til å utvikle seg som lag.

I tillegg til utetrening fast 1 gang i uken så startet guttene med innetrening i høst i Husneshallen som har vært et positivt tiltak for gruppen.

Det er godt oppmøte på treningene og guttene har på det jevne god innsats på treningene.

En veldig kjekt gjeng som gleder seg til et nytt år på fotballbanen.

## J9 – 2014

Trio J9 har gjennom året bestått av ei veldig stabil og god gruppe. Dei fleste frå Valen og Sunde, men i løpet av sesongen, kom det og til ei jente frå Husnes og ei frå Halsnøy. Ei jente slutta tidleg rundt sommaren. Gruppa teller 14 stk ved sesongslutt og me i søtteapparatet rundt laget, er imponerte over innsatsen jentene legg ned. Dei er svært treningsvillige og det er veldig godt oppmøte på treningane. Me har hatt 2 treningar i veka og sett god progresjon i gruppa.

Det har vore ei veldig sosialt god gruppe, med jenter som trivst i lag og det håpar me held fram neste sesong.

Ei utfordring å trekke fram, er at det fins svært få jentelag i denne årsklassen rundt oss, noko som gjer at me har få mostandarar lokalt. Det gjer at me har delteke på dei lokale cup`ane som er arrangert, men og på nokre cup`ar på Stord og ein i Bergen.

Gjennom sesongen har me vore 5 stk i støtteapparatet, som alle har trøtt til når det trengs, i ein travel kvardag. Støtteapparatet rundt laget har bestått av:

- Åsmund Lilleaas, lagleiar
- Veronica T. Thorsen, trenar
- Håvard Solheim, trenar
- Erna Mikkelsen, trenar
- Reidun Musland, trenar

## G9 Husnes – 2014

G 9 har vore 15 spelarar gjennom sesongen. Me har spelarar frå Sunde, Husnes og Herøysund. Kenneth Røssland og Christopher L Brix er trenarar. Kristi Saghaug er oppdame/lagleiar.

Laget har hatt ein fin sesong med ein god og positiv sportsleg utvikling. Laget var på Puttecup utenom dei lokale cupane. Den cupen var heilt ok for oss denne gangen.

Progresjonen gjennom sesongen har vore god og uten tvil hadde laget eit sportsleg høgdepunkt i siste cup i Rosendal.

Treningsoppmøte er bra og stabilt uavhengig av vær og føre. Me vonar og trur spelarane fortset også er me veldig spent på korleis det vert å spele enkeltkampar og ikkje cupar neste sesong.

## G9 Valen – 2014

### *Trening og utvikling:*

Alle gutane frå i fjor blei med vidare i år. Vi har auka til to treningar og hadde på hausten og noko trening inne i gymsal. Vi fekk tilvekst av ein spelar slik at vi på det meste har vore 12 stk på trening og på det jamne 9-10 stk. Gutane har vist ei fin utvikling og god treningsvilje. Vi har hatt mykje fokus på pasningar og lagspel, noko som etterkvart og viser igjen både på trening og i kamp. Fortsatt veldig ivrige og lærevillige gutar.

Cup og trening har fungert veldig bra. Det er noko vanskeleg å få føresatte til å stille til dugnad, noko som gjer det litt tyngre for oss som skal vere på treningsfeltet med gutane kvar veke.

### *Cup:*

Vi har vore med på 5 lokale cupar/fotballdagar i år der vi har stilt med 2 lag på alle. Dette har vore kjempestas og eit høgdepunkt for gutane, både fotballen og ikkje minst pokalane til slutt.

## G10 – 2013

*Ikke avlevert årsmelding*

## G11 – 2012

G-11, 2023  eit trenarteam som besto av Frank Mehl, Sindre Nymark Jensen, Beate S. Røssland og Stig Rusten. Lagleiar har vært Britt Mari Ludvigsen

G-11 starta 2023 med 10 spelere, som er på skulekrinsane Valen, Sunde og Husnes. VI fekk eit tilskot med ein speler frå ca mai -23 og 3 stk til hausten -23. så pr d.d. er vi 14 spelere. Vi har hatt treninger på 60 minutter tirsdag ( Husnes) og torsdager ( Valen)

Laget har vært på 4 cuper i 2023, Odda trykkericup 5. februar Solid cup våren 2023, Bremnes rema cup 9.-11 juni og aker solutions puttefestival på Stord tidlig haust -23

seriespel: vi vart sett opp på gruppe med Odda 1 og 2 ( som vi spelte 2 kamper mot, heime/bortekamp), Harding 1 og 2( vart kutta ut), Ulvik(trakk seg) og Halsnøy ( spelt heime/bortekamp mot). vi hadde eit ynsje om å få spele serie mot Sunnhordland då vi hadde god erfaring med det i 2022.

Barnefotball leier Stian Sund var i kontakt med NFF, og vi vart i tillegg sett opp med kamper i Sunnhordland. Da resulterte i fleire kamper pr veke og nokon var dobbelt booka, så her vart da nokon avlysinger. Men vi gjennomførte med enkelte veker med fleire kamper pr veke, men med fint ver og postive spelere/trenere gjekk dette bra.

På hausten vart vi satt opp med kamper mot lag i Sunnhordland og rett for kampane starta for hausten vart vi og satt opp med med kamper mot lag som Odda og Halsnøy. Her var det også dobbelt bookinger. Fekk aldri noko skrikkelig svar om å kutte ut kamper, så eg har i samråd med trenene på laget og barneleiar avlyst kamper i Odda og der det evt var dobbel bookinger. Valgte bevisst på haust sesongen å ikkje ha fleire enn 1 kamp pr veke slik som vår sesongen.

For sesongen 2024 ynskjer vi kamper/serie mot Sunnhorland og lokale lag, årsak er reiseveg og vi opplever det sosialt å reise til Sunnhorland.

Andre ting for 2023, ny drakter, har kun høyrd positive tilbakemeldinger.

Tilbud om bilder: positivt.

Fotballfest, positivt tiltak, men ikkje lagssamlande då spelerane forsvinn rundt omkring. Diplom utdelingane var med ein viss bismak. Dette hadde vært bedre om kvar lag med gode erfaringer på sine tidligere påskjønninger hadde blitt høyrd og delt med andre lag.

## J12 – 2011+2012

### *Trening og utvikling:*

I år har vi vore ein stor gjeng med 24 treningsvillige jenter på det meste. Ivrige jenter som har eit meget bra treningsoppmøte med rundt 20 stk på det jamne. Vi har hatt to treningar gjennom det meste av året og jentene har stilt opp både i sol, regn og vind. Fokuset har vore mykje på samspel, pasningar og lagbygging. Ein veldig motivert gjeng vi har med både på trening og i kamp.

### *Seriespel:*

I vår var vi mange jenter frå 2011 og ein liten gjeng frå 2012. For å gi eit best mogleg tilbod til alle valgte vi i trenarteamet å melde på 9-arlag for 2011 og 7-arlag for 2012. 2012-gjengen var litt få, så her har 2011-jentene bytta på å hjelpe til slik at dei kunne stille lag.

### *Cup:*

Vi deltok på Mestergull Melhus Cup i Storhall Karmøy i januar og Bø Cup i juni. I begge cupane deltok vi med 2 lag i 2011-klassa med spelarar frå 2011 og 2012.

*Generelt:*

Kommunikasjon med kretsen i forkant av sesongen fungerte heller dårleg. Ikkje svar på førespørslar ang avdelings- og kampoppsett. Blei etterkvart satt opp med 2 kampar samme dag på 3 forskjellige datoar. Ting ordna seg, men ein god del ekstraarbeid for lagleiar.

Mange føresatte som stiller opp på kamp, både heime og borte. Stort sett god og kjapp innsats frå frivillige når det er behov for det.

Stor ros til jentener som har vist imponerande fairplay gjennom heile sesongen og at dei representerer Trio på ein framifrå måte. Uansett om det har blitt siger eller tap så har Trio-ropet deira runga over bana etter kampslutt.

## G12 – 2011

Vi meldte på eit lag i serien med maks antall spelarar for 9'ar fotball: 16 stk.

Gunn Marit Flygansvær og Thomas Isaac som trenarar og Christoffer Hjelmeland som lagleiar.

Stabilt bra oppmøte gjennom sesong, har vært på mellom 13-16 spelarar i snitt på kvar trening.

Vi ønska å spela i Stord-serien og la inn ønske om dette til Inge Heltne i Hordaland fotballkrets. Vi fekk grønt lys frå han om dette og at vi då måtte spele både i serien med laga i Kvinnherad + dei på Stord, men vi blei aldri plassert i Stord-serien og enda opp med å spela kamp mot dei laga vi har spelt sio gutane var 6 år: Halsnøy, Rosendal og Uskedalen.

Har eit håp og ønske om at det kan la seg gjera kommande sesong, at vi kjem i serien med Stord-laga.

Seriespelet gjekk fort å gale med 6 kampar om våren og 6 kampar i haust. Vi har ein god kompistone med både Rosendal og erkerival Halsnøy som vi alltid har streba om å slå: historiens siste barnefotballkamp mot Halsnøy enda i ein heseblesandes og spennande kamp og stillinga vart 5-5 - vi var storfornøyde og lagstemninga kjempegod. (Halsnøy slår no saman 2010 og 2011 gjengen sin og derfor møter vi ikkje 2011-gjengen meir i seriespel)

Vi var på Voss cup i juni 23. Her spelte vi 7'ar fotball og delte laget i to jamgode lag. Resultata blei både tap og vinn. Alle 16 gutane blei med + 6 stk vaksne som sov med dei på skulen. Fleire foreldre var med og engasjementet var stort på sidelinja. Ein veldig kjekk cup, på banen og mest av alt sosialt.

Kort fortalt:

Fungert bra: treningar og stabilt bra oppmøte, kommunikasjon med motstanderlag og cup-deltaking.

Fungert mindre bra: kommunikasjon med Hordaland fotballkrets ift kva serie vi ønska å spele i.

## G13 – 2010

Støtteapparatet til laget har hovudsakleg vore hovudtrenar Espen Lillesand, hjelpetrenar Arne Fatland og lagleiar og hjelpetrenar Siw Regine H. Nilsen.

Laget har hatt 15 spelarar + 1-3 hospitantar frå G12.

Laget var med på Zinken-cup i tillegg til Bø-cup om sommaren.

På Bø-cup leigde vi hytter som både spelarar og foreldre kunne overnatta på. Ei sosialt kjekk oppleving med badeland inkludert i cupen.

Fotballmessig var det mindre utviklande og noko varierande kvalitet på dommarane. Dette fekk oss iallefall til å setja pris på gode, rettferdige dommarar som vi hadde i seriespelet vårt, både heime og borte.

Sportsleg er det positivt at vi har fått ei kjerne på 6-7 spelarar i laget som er lærevillige, flinke til å møta på trening, står på og som regel alltid ynskjer å bli betre, berre så synd at det er alt for få. Det har nok blitt eit større skilje mellom spelarar som vil noko på laget og dei som berre møter opp no og då. Det synes godt på treningsoppmøte.

## J14 – 2009+2010

Trio J14 starta 2023 sesongen med 16 spelarar.

Før sesongstarten hadde me cup tur til Zinken i Odda (mars).

Vidare har laget i sesongen 2023 spelt i Sunnhordland serie (Trott, Solid, Stord, Bremnes).

Årets høgdepunkt var cup tur til det glade sørlandet – Sør cup, kor vi blei slått ut på straffer i første runde B sluttspelet.

Laget har også hatt samlingskveldar på Trioloftet med pizza med fokus på det sosiale. Det er fokus på det sosiale kor alle skal vera inkludert og sett slik at ein har god lag ånd.

Ved slutten av sesongen har vi fått tilført 4 spelarar slik at vi totalt sett landa på 20 aktive spelarar ved sesongslutt. Dette er i grunn ein stor spelarstall til å vera jenter på dette nivået og gjer oss eit godt grunnlag for 2024 sesongen.

Trenere har vært Andreas Eide, Yngvar Skarveland og Kenneth Eide. Lagleder Nelly Skorpen.

Økonomi: Gjennomført både dugnadar for fotball gruppa sentralt (klutar, sokkar, romjulsfest) og lags dugnadar (sokkar mm). Ved årsslutt har ein ca 80 000 kr på lagskontoen.

Neste sesong meldes det på Rogaland serien på grunn av manglande 15 års trinn i gamle Hordaland.

## G14 – 2009

G14 har i år bestått av 14 spelera i «kjernen». Vi har hatt to spelera som har hatt base med G15,men som har spelt mykje med oss. Vi har hatt to fra G13 som har hospitert med oss og deltatt på dei fleste kampar,treningar og cupar. Vi har og hatt fleire fra G13 og tre fra G12 som har vore innom treningane våre som har gjort at vi har hatt ein god gjeng på treningane gjennom sesongen. Fordi vi er litt få i kjernen har det vore utfordring ved eit par høve då kampane på dei ulike laga har kollidert,men dette har stort sett løyst seg greit. Største problemet vårt har vore mangel på keeper og det samme problemet får vi nok i år og.

Sportslig har vi hatt ein bra sesong. Vi starta med seier i Zinken-cupen i Odda. I vårsesongen var vi påmeldt i 9'er serie. Der var nivået dårlig og vi vann kampane med stor margin. I haustsesongen spelte vi derfor i 11'serie og kom i ei sterk 2.div pulja. Vi spelte jevnt med samtlige lag,men tapte dessverre 5 av 7 kampar. I sommar deltok vi i Sør-cup. Ein cup med høgt sportslig nivå. Vi tok oss til semifinalen i B-sluttspelet der det vart eit knepent 2-1 tap. Kjekt både sosialt og sportslig. I haust deltok vi i Regy cup der vi gjekk heilt topps i konkurranse med 30 lag.

Ein kjempeprestasjon av laget. Vi konkludere med at sesongen 2023 var vellykka både sportslig og sosialt. Lagets støtteapperat har bestått av underteikna som trenar,Paul Andre Sjo som assistent og Veronika Vågen som oppkvinne/lagleiar. I tillegg har Per Øyvind Gangaas steppa inn som vikar ved behov.

## G15-1 – 2008

### 1. Trening og utvikling.

Laget har bestått av spelarar frå stort sett heile kommunen. Før sesongen fekk laget eit tilskot avspelarar frå Halsnøy, då dei valte å legge ned laget sitt og det kom ein gut i frå Rosendal. Alle desse nye tilskota har vore bra for gruppa.

Laget har gjennomført 3 treningar pr veke og treningsmoralen er veldig bra. Gutane er flinke å gje melding når dei ikkje kjem og laget nyttar Spond aktivt. Her registrere me alt treningsframmøte til gutane og all kommunikasjon foregår her.

### 2. Seriespill og cup.

Sportslig har det gått litt opp og ned denne sesongen. Laget deltok i Skjold sin vinterserie. Her skulle me spelt 5 kampar, men det vart berre 4. Kampen mot Djerv 1919 vart ikkje spelt då me hadde ein del sjukdom i gruppa. Motstandar var ikkje interessert i å utsetje kampen. Av dei 4 kampane me spelte så vann me 1, spelte 1 uavgjort og tapte 2. Laget deltok også på Zinken Cup. Der spelte me 4 kampar. 2 sigrar og 2 tap. Dette er cupane som laget var med på i 2023.

Sesongen starta 10/4, og laget var påmeldt i 1.divisjon i Hordaland. Vårsesongen vart tung og motstandarane var gode. Det enda med 1 siger, 1 uavgjort og 6 tap. Ikkje mykje å skryte av reint resultatmessig, men spelemessig var det stor utvikling heile vegen. I haustsesongen vart det ei endring på pulja som medførte at motstandaren vart noko «enklare», men me spelte framleis i 1.divisjon. Det vart 4 sigrar, 1 uavgjort og 2 tap. Hadde me klart ein siger til så hadde laget vunne si pule i 1.divisjon, og det står det respekt av. Gutane spelte mot lag som Askøy, Kvernbitt, Fyllingsdalen og Bønes, alle lag som har rikeleg tilgang på spelarar og har eit større nedslagsfelt å hente spelarar frå.

### 3. Generelt og spillerlogistikk.

Sesongen vil eg, som trenar, karakterisere som vellykka. Gutane er lærevillige og har tatt store steg i løpet av sesongen. Utviklinga har vore formidabel og me håpar at dette fortset i -24. Laget skal ha ein ballbesittande stil. Me skal spele oss ut og være modige i vår tilnærming. Dette vart me straffa for på våren, men ein kombinasjon av læring og ikkje like tøft press gjorde at dette fekk gutane godt til på hausten.

Laget har bestått av følgjande gutar: Johannes Johnsen, Tobias Flygansvær Hallqiust, Dennis Solheim Markhus, Jakob Gjerde, Trym Kvandal, Tobias Sætre Bjelland, Olav Thorsen Hustveit, Erik Bakketun Nesbø, Brybjar Olderkjær, Niklas Handeland Stensletten, Sander Aasen Pedersen, Isak Soltveit Taranger, Aleksander Brix Jonassen, Kasper Helland, Håkon Alvestad Kvamme, Lucas Herskedal Fjelland. Dette er «stallen» på lag 1, treningsgruppa. I tillegg til desse gutane så har følgjande spelarar frå lag 2 vore nytta i kamp. Henrik Østvik Emmerhoff, Elhab Isaac, Lukas Kaldestad, Aragon Torkildsen Thorsen, William Johan Kviteberg Emmerhoff, Terje Eikemo Steine.

Vi delte i år ut følgende utmerkelser:

- Årets Spelar: Tobias Hallquist.

- Toppscorar: Johannes Johnsen
- Sportsleg framgang: Håkon Alvestad Kvamme og Sander Aasen Pedersen
- Flest treningar: Trym Kvandal
- Årets forbilde: Isak Soltveit Taranger

Trenarar: Nils Trygve Markhus 50 %, Lars Kvamme 50% og Eivind Nissestad.

Lagleiar: Christer Pedersen.

## G15-2 – 2008

*Trening og utvikling.*

Foran sesongen 2023 var det bestemt å dele gruppa, som talte 35-36 spelera, inn i eitt 1.lag og eitt 1. lag. Henholdsvis 1.divisjon og 3.divisjon. Gruppa vart fleire då 6 Halsnøy-gutar valte å kome over til Trio denne sesongen.

Til G15-2 trengtes fleire i støtteapparatet og underteikna vart kontakta om å verta hovudtrenar for 2.laget. Christer Pedersen var med som trenar når han var heime frå jobb, samt lagleiar for begge laga.

G15-2 har hatt ei stabil treningsgruppa på 18-19 spelera både vår -og haustsesong. To spelara valte å gi seg på våren, men vi fekk eit nytt og sterkt tilskudd då ein spelar frå Halsnøy gjorde comeback i haustsesongen frå tidlegare å ha gitt seg frå G15-1 i vårsesongen.

Vi har trent 3 ganger i veka sidan tidleg i januar. Pga banekapasitet valte vi å trene kondisjon måndagane og fotball på tirdag og torsdag fram til grasbanen vart eit alternativ. Frå då hadde vi 3 fotballtreningar pluss 1 kamp i veka i vårsesongen. Pga for mykje belastning på hovudtrener valte vi å gå ned til 2 treningar på haustsesongen og fortsatte å trene til tett opp mot jul.

Med å ha delt inn i eitt 1.lag og eitt 2.lag fekk G15-2 gutane utvikle seg på trening og i kamp mot guter på passande nivå som igjen førte til ei meistring og idrettsglede som har vore heilt fantastisk å oppleve. No måtte dei som før hadde mindre speletid stå fram og ta ansvar og for dei som ynskja var døra opp 1.laget alltid på gløtt ved stor framgang.

*2. Seriespill og cup.*

Det vart bestemt å melde på begge laga til Zinken-cup i Odda. Diverre må vi nok sei at vi bomma sportsleg med å ha eitt 1.lag og eitt 2.lag i denne cupen. 1.laget klarte seg bra, men 2.laget vart overkjørt med store tap då vi møtte G16 lag som hadde 20 kg meir muskler enn oss. Helga i Odda vart uansett en sosial opptur og der lag.2 tapte sportsleg så såg det ut som dei vant på sjekkefornten og det sosiale på kvelden.

Vi er glad for å trene ein kjekk gjeng som viser omsorg for kvarandre både på tvers av begge våre lag, men også med motstanderlaga der dei er flinke med å skaffe seg bekjentskaper og viser at dei kan vera gode venner sjølv med store tap sportsleg.

Vi spelte vår -og haustsesong i Hordaland 3. divisjon.

Totalt 15 kamper i 2023. 7 på vårsesongen med 1 uavgjort, 3 tap og 3 sigrar, og 8 på haustsesongen med 4 tap og 4 sigrar og endte omlag midt på tabellen i begge periodane. Scora totatl 61 mål og slapp inn 50. Til kampane har vi både lånt spelera til lag 1 og vi har lånt tilbake ved sjukdom og andre fråfall.

*3. Generelt og spillerlogistikk.*

Vi har i dag 31 spelera tilgjengelig i det vi går mot ny sesong i G16. Blandt desse er 16 for lag 2, 2 guttar frå Halsnøy har valt å gi seg frå lag 2.

Diverre går vi inn i ny sesong utan godt nok støtteapparat for 2.laget då underteikna har valt å trekke seg noko tilbake (er med 30-40 % i 2024) og Christer ynskjer å følgje 1.laget når han er heime frå jobb. Det er gjort ein innsats for å prøve å finne erstattar og det jobbes med alternativ

no frå fotballstyret si side.

Neste år er planen Skjold vintercup, Odda på Zinken cup og størst av alt Norway Cup igjen!

## J16 – 2007+2008

Trio J16 laget består av jenter født 2007 og 2008. Året starta med 14 jenter, ei stabil gruppe som var aktiv på trening. På hausten blei gruppa redusert til 11 spelarar. I tillegg har vi også lånt eit par spelarar frå 2005, 2010 og 2012 til enkelte kampar.

Laget har trena 2 gangar i veka frå januar til desember i tillegg nokre treningskampar og cupar.

Trenarar har dette året våre Kristine Enæs Medhaug og Trond Martin Bjelland, i tillegg Abdul Abdiazizi med i vårsesongen og Fred Nilsen har våre med på trenar sida i haust. Rune Slettebakken har våre lagleiar.

Laget har dette året ikkje spelt i serien, då alternativet blei J17 serie, ein valte då heller å satsa på nokre treningskampar, samt cupar.

Årets store mål var Norway Cup, eit kjekk veke i Oslo, der laget fekk også ein sportsleg opptur som ende i kvartfinalen i B-sluttspelet.

I tillegg har laget deltatt på Zinken Cup kor ein kom til semifinalen og Regy Cup kor ein nådde finalen.

## G16 - 2007

G16 har hatt en spennende sesong i 2023.

I vinter trente laget godt og deltok i Skjold Vintercup. Her ble det mange kamper som gav oss et godt grunnlag for serien.

Laget var påmeldt i 1 divisjon for G16 i Hordaland. Vi visste at dette kom til å bli en stor utfordring men guttene tok dette på strak arm. Laget var påmeldt som Trio/Halsnøy slik at 2 av de 3 spillerne vi hadde fått fra Halsnøy kunne være med på A-laget der.

Det var totalt 8 lag i serien og de 4 beste lagene fikk delta i en toppserie på høsten.

Vårsesongen endte med 3 seire, 1 uavgjor og 3 tap slik at vi endte opp på en 4 plass.

Etter mye godt dugnadsarbeid fra både forelde og ungdom, fikk vi samlet inn godt med penger for at laget kunne delta på Norway Cup. Vi fikk samlet inn så mye dugnadspenger at ingen av spillerne trengte å betale noe for oppholdet i Tigerstaden. Laget fikk egne gensere, bager og drikkeflaske slik at vi fremsto veldig proffe. Laget hadde hotellovernatting på Thon hotell Slottsparken. Her fikk vi en hel fløy alene som hjalp veldig på samholdet.

Norway Cup ble en eneste stor opptur. Høydepunktet var 16-delsfinalen mot Hødd hvor vi vant på straffespark konkurranse. I 8-delsfinalen gikk vi dessverre på en smell mot Røa. Guttene var strålende fornøyd med egen innsats og med oppholdet. Det var spesielt stas å bli filmet på kampene.

Høstsesongen var de beste lagene i G16 samlet i 1 divisjon. 2 av lagene vi møtte på høsten var også finalister i Dana Cup ( Bjarg og Fyllingen). Det viser hvor høyt nivået i avdelinga var.

Vi beit godt i fra oss også på høsten og det endte med en 5 plass i en serie på 10 lag.

Hele sesongen har vi knapt fått stilt med det sterkeste mannskapet vårt,  da vi har blitt sterkt plaget med skader. Vi har hatt 2 nesebrudd, flere satt helt ut av Covid, 1 med konstant hodepine og spissen vår med kneskade i hele høst. Vi har til og med måttet låne spillere fra G15 selv med en stall på 18-19 spillere pga skader/sykdom.

Vi avsluttet sesongen med å ha en helgesamling i Bergen før siste kamp. Vi overnatta på hotell midt i sentrum, var på AdO Arena samt hadde konkurranse på Fangene på fortet.

Dette var en utrolig kjekk avslutning da vi visste at laget ville bli oppløst etter sesongen.

Vi har gjennomført  95  treningar og gj.snittlig oppmøte har vore på +75%.  Før høstsesongen mistet vi 1 spiller til HTG mens en annen sluttet. Heldigvis fikk vi tilført 3 spillere fra Rosendal som bidro godt i høstsesongen.

Vi har hatt 5 spelarar som har debutert  på A-laget og  flere av spillerne har spilt på jr-laget. 2 spillere har også spilt på A-laget til Halsnøy

Trenerteamet har bestått av Vegard Saghaug, Øystein Ersland, Kjell Åge Totland og Jamal C.Soosainather

# Årsmelding Trio friidrett 2023



Friidrettsgruppa har hatt eit år med god aktivitet og gode prestasjonar. Vi er ei lita gruppe, og bygger oss gradvis opp. I året som har gått har vi fått i gong enda ei treningsgruppe, og har no 4 grupper frå 6-14 år. Friidrettsgruppa brukar Trio si nettside aktivt rundt våre arrangement. Vi har i tillegg ei eiga Facebookside for Friidrettsgruppa, men syt også for å alltid bruke Trio si felles Facebookside til å nå ut med informasjonen vår. Det er viktig for å nå ut til flest mogleg. Treningsgruppene brukar i tillegg Spond til intern informasjon om treningar.

## Styrearbeid og -samansetning

Det har vore 2 styremøter gjennom året, tilknytta aktivitetene våre. I tillegg møte med Lions om Løveleikene, som som 1.juli vart arrangert med rekordstor deltaking. I styret har vore Are Ulseth (leiar), Årstein Eik, Arne Torget, Dagfinn Jensen, Ingunn Sæverud Jensen, Tor Harald Bringedal. Det kan vera trong for å styrke styret noko for å etablere meir aktivitet i året som kjem, men vi er i høg grad eit utøvande styre.

## Økonomi/støtte

Dette året har vore relativt beskjedent på økonomisida. Noko i minus i rekneskapet, då vi tilknytta Trio sin nye utstyrsavtale kjøpte inn treningskler til trenarane våre utanom budsjett, og at vi har kjøpt inn ein del innandørsutstyr sidan vi har fått betre treningsmoglegheiter innomhus vinterstid.
Vi har ein sponsoravtale med Tysnes Sparebank, som hovudsponsor for friidrettsgruppa. Denne blir forlenga med tre nye år. Pr januar 2023 har vi to reklameskilt på stadion. Vi fekk ein betydeleg sum i 2023 frå Sparebank1-stiftinga til stativ for stavhopp samt fleire hekkar, noko som gjer at vi er betre rusta i øvingar som er populære blant våre aktive ungdomar. Støtte frå stiftinga gjorde også at vi kunne gjennomføre Løveleikene i lag med Lions. I tillegg har vi ein sponsoravtale med Husnes Møbel, og i haust også inngått ein sponsoravtale med Kvinnherad Breiband, som har fått logo på dei nye hekkane.






*Alexandra, Ådne og Sander i aksjon med nytt utstyr.*

Våre mest aktive ungdomar deltek også på ein del stemner rundt om på Vestlandet, så vi er avhengig av dei faste fordelingane frå hovudstyret (kontingent, kompensasjonsmidlar, sponsormidlar, grasrotandel) for at budsjettet skal gå i hop. Elles er det ei handfull år sidan friidrettsgruppa fekk eigen økonomi og ikkje lenger berre høyrer under hovudlaget sitt rekneskap. På denne tida har vi også vist at vi klarar å drive utan årlege driftstilskot frå hovudlaget. Vi held fast på vårt mål om at så sant ein har betalt medlemsskap i idrettslaget, skal det ikkje vera nødvendig å betale treningsavgift i friidrettsgruppa.

## Aktivitet

### Treningar

Vi har hatt stor oppsving på treningsfronten. Som alle andre vart vi slått tilbake av korona-nedstenginga, men i 2022 kom vi inn i normale rutinar, og har auka treningsaktiviteten i 2023. Medan det tidlegare var fritt fram for alle å kome på trening i felles gruppe, så har vi no etablert nesten fulle treningsgrupper på inntil 15 faste utøvarar i både 6-7 år, 8-9 år, 10-11 år og 12-14 år. Ergo har vi nær aktive ungar i friidrettsgruppa no. Vonleg klarar vi å oppretthalde det også neste år. Vi har klart å styrke oss med å få med fleire på trenarsida og altså starta ei ny gruppe for dei aller minste.

Attpåtil har vi fått betre treningstilhøve vinterstid. Medan vi tidlegare var avspist med gymsaltreningar, har vi etter opninga av Kvinnherad Arena fått faste tider i Husneshallen. I tillegg til at vi disponerer området med løpedekket i Kvinnherad Arena, og kan få gjort løps- og hekketrening med god kvalitet der.

Med utspring i triathlongjengen er det felles løpstreningar 3 gonger i veka. Vår veldig aktive Triathlon-/ løpegruppe er inkluderande og flinke til å annonsere ulike treningsøkter.



### Arrangement

Som nemnt arrangerte vi **Løveleikene** igjen, og dette vart siste gongen det var i lag med Lionsklubbane, då desse vart nedlagt i sommar. Vi håpar å kunne overta som arrangør åleine til neste år. For årets Løveleiker vart ein enda større festdag enn det nokon gong har vore før. Sidan det vart samkøyrd med leir på Halsnøy Folkehøgskule vart deltakartalet nær 100, over det doble av kva vi har hatt tidlegare. Dette må vi klare å føre vidare!



*Frå starten på Knøtteløpet, 100 meter for 0-5-åringane.*

I 2023 kom også **Triostafetten** tilbake. 22 lag og nesten 90 deltakarar. I starten av oktober arrangerte vi **Kvinnheradmeisterskapen** i friidrett på Husnes stadion. Nøkkelen til suksess er god planlegging og promotering og det var 58 ordinære deltakarar. Og i tillegg 22 miniar i det nystarta Knøtteløpet, som gjorde at dette varn den største Kvinnheradmeisterskapen nokon gong. Uskedal IL og Rosendal TL stilte med ei handfull deltakarar kvar, men elles er som vanleg over 80 % av deltakarane frå IL Trio. Ekstra kjekt at deltakinga i kastøvingane var så stor. Heile 14 deltakarar i sleggekast må til dømes vera ytst sjeldan å sjå på eit friidrettsstemne i Hordaland.

I tillegg har vi arrangert 4 seriestemner på onsdagar. Deltakinga er normalt på vel 30-40 utøvarar. Rosendal TL heldt ikkje seriestemner i år, men vi hadde ein del som deltok på Rosendalsleikene i pinsa.



*Alexandra Tveit Rosendahl flyg både høgt og langt i lengdegropa på Kvinnheradmeisterskapen.*

### Prestasjonar

Fleire av våre ungdomar har delteke på stemner på Vestlandet.

**Andrei Bringedal (13)** var sågar i Gøteborg og deltok i Värdsungdomsspelen i juli. Der sprang han 60 meter på 8,13, som er 5.beste tid i Noreg av ein 13-åring i år. Han har også sterke tider på dei andre korte løpsdistansane: 100 meter, 12,85 på Hardanger friidrettsfestival i juni er 4.beste tid i landet, og 200 meter 26,45 på Rosendalsleikene i mai er sjette beste tid i landet. 4,82 i lengde var nest lengst i landet på det tidspunktet. Diverre vart sommar- og haustsesongen sabotert av skade for Andrei, som vonleg kjem sterkt att i 2024.

**Ådne Opsanger-Tveit (14)** har imponert i både hekkeløp og hopp. 1,57 i høgde frå Bergenslekene er 9.beste resultat i landet. 13,31 på 80 meter hekk frå Oslekene er topp-15 i landet. Det er også 32,94 på 200 meter hekk, og likeså 5,22 i lengde.

**Alexandra Tveit-Rosendahl (13)** har notert seg for 11.beste høgdehopp i landet med 1,41 i Bergensleikene og 12.beste lengdehopp med 6,64 på Lerøyleikene i Byrkjelo, medan 34,40 på 200 meter hekk er 15.beste tid i landet. Vi noterer også at Alexandra som 13-åring har sett ny lagsrekord for Trio på 600 meter, noko som er 20.beste tid i landet.

Til saman har dei to søskenbarna drege heim 30 medaljar på fire utabygdes stemner dei har delteke på i sommar og haust.

**Sander Sæverud Jensen (14)** gjer det godt i stavhopp og sette personleg rekord med 2,27 på Lerøyleikene i Byrkjelo i september. Han vann også denne øvinga på Bergenslekene i september

**Holmfridur «Frida» Adalsteinsdottir** har satsa på ultraløping og deltok i november på 24-timarsløp i «kjellaren» på Bislett stadion. Ho måtte gje seg etter 13 timar og hadde då sprunge 110 km. Med tanke på at ho aldri før hadde sprunge i meir enn 6 timar i strekk, så var dette særs imponerande. Dei første 6 timane i løpet gjorde ho unna 65 km, og då låg ho på 10.plass i feltet beståande av 160 menn og kvinner.

**Kenneth Blom** vann klasse M60-64 i Iron man 70.3 triathlon i Sandnes i juni, det er halvparten av full Iron man-distanse og han fullførte på totaltida 5 timar og 3 minutt. Berre ei veke før vann han sin klasse på NM-distansen i klasse M55 på Hove Tri. Og i august deltok han i VM i Iron man i Lahti i Finland. Her vart det 23.plass i eit arrangement som romma over 6.000 deltakarar. Nokre veker etter var det ny VM-deltaking, då i Malaga i Spania, der distansane var olympisk og sprint. På sprintdistansen vart det 6.plass før det vart 12.plass på den olympiske distansen.

**Ronny Nordal** tok 11.plass i klasse M45-49 i Iron man 70.3 triathlon i Sandnes i juni med tida 4 timar og 53 minutt.

**Tor Harald Bringedal** vart nr 9 på NM-distansen i klasse M55 på Hove Tri i juni.



*Tor Harald og Kenneth flankerer kvinnheringen Georg Schille etter målgang på Hove Tri.*

## Bruk av anlegget
Skulane har vore flinke å bruke det flotte friidrettsanlegget vårt, både til treningar/gymtimar og til ulike arrangement. Anlegget er elles mykje brukt til ymse uorganisert trening. Diverre er ikkje Trioløypa det ho var. Turløypa rundt idrettsparken har vore veldig populær, men delar av den er no ikkje i god nok stand, etter at løypa har vore sperra grunna arbeid med veg til nye Kvinnherad Arena. Vonleg gjer kommunen sitt for å utbetre dette.

## Medlemsutvikling
Med auke i treningstilbodet for barn gjennom året, har antal medlemmar gått vidare opp.

## Kompetanseutvikling
Vi hadde vona å få instruktør hit for å køyre praksisdelen av trenarkurs, men her har friidrettskretsen svikta oss i år også. Derimot vart det halde dommarkurs i Kvinnherad, der hadde vi med 6 vaksne, samt 2-3 ungdomar.

### Representasjon
Arne Torget sit i valkomitéen i Hordaland friidrettskrets.

## Planar
Øvst blant måla for 2024 står:
- Lokalt trenarkurs, evt i samarbeid med øvrige klubbar i Kvinnherad.
- Oppretthalde treningstilbod for born i alle alderstrinna.
- Bygge kompetanse i bruk av det elektroniske tidtakarsystemet (permanent tilgjengeleg).
- Arrangementer: Overta ansvaret for Løveleikene, samt starte opp eit løp/trimløp i Husnes sentrum.
- Om mogleg bidra så turngruppa sitt tilbod for parautøvarar blir utvida til også friidrett.

For friidrettsgruppa, leiar Are Ulseth

# Årsmelding Svømmegruppa 2023

Svømmeklubben har hatt eit tilnerma år som 2022. Aktiviteten er veldig låg . Dette har nok fleire årsaker. Leiar Trond Lekva Myklebust trekte seg 13.10.23. Geir Ove Eikemo vart konstituert leiar ut 2023. Trond slutta i hovedsak pga hovedstyret ikkje fulgte opp årsmøtevedtaket om å oppretta ei gruppa som skulle jobba for ny symjehall på Husnes. Dette bør da nya hovedstyret ta tak i no i 2024. Vi har elles store problem å få tak i foreldre/frivillige som vil engasjere seg. Vertfall forplikta seg til og engasjera seg. I svømming så er da ikkje berre å hiva inn nokon, då dei må ha livreddarkurs for å kunne vera ansvarlig i basseng. Elles så er vi vel utkonkurert på fasilitetar, sammenlikna med andre idrettar som har fått nye. Sjølve bassenget er greit nok i seg sjølv. det er litt for kald temperatur i bassenget, særlig for dei minste i svømmeskulen. Garderobe, dusjer og toalett er veldig slitt og dårligt. Ofte Urinlukt i garderober. Greit samarbeid med kommunen angåande treningstider, får stort sett det vi vil ha utenom offentlig bad sine tider.

Vi har hatt 2 styremøter tidlig i 2023. Etter det har vi hatt sporadisk kontakt via eposter, tlf og Spond.

Vi har hatt eit obligatorisk livreddarkurs. Ingen andre på kurs.

Vi har per no ingen aktive konkurranse svømmera under 19 år. Vi har mellom 6-10 svømmera som går på rekrutt , dei har trening 2 dagar i veka. Dei fleste av desse er i ungdomskulealder. Dei har ikkje deltatt på nokon stemner i år. Vi har ikkje hatt noken interne stemner heller.

Vi har ei lita, men ganske aktiv master/triathlon gruppe. Dei trenar fleire dager i veka, og styrer seg sjølve stort sett. Viss vi får konkurranse svømmera opp på eit viss nivå så har desse alltid tilbud om å delta på treningane til master/triathlon gruppo. Her er dei ein viktig ressurs, og dei opprettholder kontinuniteten i svømmegruppa. I Triathlon gruppa er det fleire som har vore på Konkurranser med respektable resultat:

| **Deltakar (klasse)** | **Stemne** | **Distanse** | **Stad** | **Plass** |
|---|---|---|---|---|
| Kenneth Blom (M60) | NM Ironman | 70.3 | Sandnes | 1 |
| | NM Normal/Sprint | Normal | Hove, Arendal | 1 |
| | World Championship | SuperSprint<br>Normal | Pontevedra | 6<br>12 |
| Tor Harald Bringedal (M55) | NM Normal/Sprint | Normal | Hove, Arendal | 9 |
| Ronny Nordal (M45) | NM Ironman | 70.3 | Sandnes | 9 |
| Tor Opsanger (Masters (50+)) | Stavanger Triathlon | Sprint | Stavanger | 8 |




To nøgde Triathlon utøvera. Kenneth Blom(t.v) og Ronny Nordal

Ellers hadde vi svømmeskule med 2 grupper på våren og 2 grupper på hausten. Her kunne vi nok hatt fleire grupper viss vi hadde klart å få inn fleire instruktørar. Svømmeskulen er da viktigaste middelet for å fleire inn i rekrutt, og eit eventuelt a-lags parti. Men Svømmeskule er tidkrevande og ein treng fort vertfall 4 intruktørar til enn dei 4 som er i dag for å få dette heilt opp å gå. Vi ser jo at foreldra er opptatt av svømmeskulen, slik at ungane deirast kan læra seg å svømma. Sidan dette er noko som er utfordrane og få til for enkelte via skulen sine få og begrensa timer. Så svømming er viktig. Svømming er og viktig for folkehelsa, og er ein god trenings arena for dei så har andre idretter og.

Sidan denne årsmeldinga er skrive godt inn i 2024, så kan eg spora litt av frå årsmeldinga og ta med at vi har hatt nokre positive møter no på nyåret i regi av Svein Røyrvik i valkomiteen sin kveik i symjegruppa. Der har vi hatt besøk frå 2 damer frå Bømlo. Elin Stensbø som er daglig ledar i Bømlo symjehall. Og Petra Elisabeth Erstad som er leiar i bømlo svømmeklubb. Dei opna ny svømmehall på Bømlo i Oktober i 2018. Dei hadde 46802 registrerte Besøk i 2023( inkludert skule). Bømlo er folketalls messig sammenliknbart med Kvinnherad. Vi fikk mange gode innspel både på utforming av ein eventuell ny svømmehall og korleis dei elles

drifta Bømlo svømmeklubb. Dei hadde jo for så vidt litt av samme utfordingar som oss, med tanke på Frivillige.

Kan vi få noko lignande på Husnes i ner framtid? Da trur eg vertfall vi må jobba for, viss symjeklubben skal bestå.



Bilde frå Bømlo Svømmehall.

For Styret

Geir Ove Eikemo

IL TRIO SYMJEGRUPPA

# ÅRSMELDING 2023 TURN



**Styrets sammensetning**

Styret består av to stykk, leder er Anneli Rønstad og  kioskansvarlig er Liv Inger Engevik.

**Styrets arbeid**

Vi har fortsatt jobben med å implementere Norges Gymnastikk- og Turnforbund sin strategiske plan for 2022-2024. Planen beskriver detaljerte handlingsplaner for klubber i perioden 2022-2024.

IL TRIO Turn tilbyr breddeaktivitet til våre medlemmer. Gymnastikk og turn er for alle, med glede og mestring som fokus. I henhold til NGTFs Handlingsplan for 2022-2024 har vi i IL TRIO Turn et større fokus på utvikling av aktivitetstilbud.

**Mål 1: Vi skal ta vare på våre medlemmer ved å tilby dem variert aktivitet med høy kvalitet**

Tiltak: Våre aktiviteter overholder gjeldende regler for barne- og ungdomsidrett og foregår på deres premisser. Våre medlemmer ha et trygt treningsmiljø med trening som tar utgangspunkt i barns utviklings – og mestringsnivå. Gymnastene får påvirke treningene gjennom å komme med forslag til innholdet på treningene. Vi bruker mye Youtube for å hente inspirasjon til våre treninger. Flere turngrupper som Sola Turn, Oslo Turnforening samt flere klubber i Danmark deler videoer på Youtube som vi har stor nytte av for å variere treningene og øke progresjonen på øvelsene.

**Mål 2: TRIO Turn vil øke antall medlemmer som driver med breddeaktivitet.**

Trio turn har ikke tidligere hatt treningstilbud til barn født 2015 og 2019 . Dette har skyldtes vansker med å rekruttere foreldre som trenere. Vi har heller ikke hatt tilbud om paraturn.  I 2023 har vi klart å etablere et tilbud til disse barna.

I 2023 har vi totalt 175 medlemmer, der 120 er jenter og 55 er gutter.  Vi har til sammen 11 grupper i IL TRIO Turn i 2023.  Gruppene er Gymleik med foreldre 2021,  Gymleik

Følsomhet Intern (gul)

med foreldre 2020, Gymleik med foreldre 2019 mandag og Gymleik 2019 onsdag, Gymleik med foreldre 2018, Gymleik 2017, Idrettens Grunnstige 2016, Idrettens Grunnstige 2015, Idrettens Grunnstige 2013-2014, Idrettens Grunnstige 2011-2012 , Salto 12 år + og paraturn.

**Mål 3: TRIO Turn skal legge til rette for et mangfoldig og inkluderende aktivitetstilbud for paraidrett til barn og unge med utviklingshemming.**

Parautøvere er mennesker med bevegelses-, syns-, hørsels- og/eller utviklingshemming. Vi har startet opp et parti for paraturn med totalt 11 deltakere. Aktivitetene baserer seg på konseptet Gymleik der allsidig trening og bevegelse er i fokus.

**Mål 4: TRIO Turn skal ha kompetente trenere som skaper glede og mestring i gym og turn**

Vi har ca 5 barn pr trener for å opprettholde kvaliteten på trening og oppfølging av gymnastene. Trenere på alle parti får forslag til aktivitet og øvelser som er tilpasset gruppens alder. Ingen av våre trener har deltatt på kurs i 2023. I 2024 vil utvikling av trenerkompetanse være høyt prioritert.

Anneli Rønstad

Leder TRIO Turn

Sunde 11.03.2024

# Årsmelding IL Trio Klatring





Årsmelding IL Trio Klatring ..... 1
Oppstart ..... 3
Første styret ..... 3
HMT ..... 3
Organisering ..... 4
Opning og aktivitetar ..... 4
Kursaktivitet ..... 4
Ulukke ..... 4
Gåve Sparbank1 stiftinga ..... 5
Oppsummering og andre aktiviteter ..... 5

## Oppstart

I starten av mai 2023 kalla Daidalos Dahle og IL Trio ved Svein Røyrvik inn til diskusjonsmøte angåande oppstart av ei klatregruppe under IL Trio. Det hadde vore litt diskusjonar/tankar om å starte eit frittståande idrettslag med organisering av aktivitetar i klatretårnet i Kvinnherad Arena som einaste formål. Det å skape og drifte eit eige idrettslag er mykje byråkrati og arbeid. Svein Røyrvik informerte om tankane til IL Trio hovudstyret angåande ei klatregruppe under IL Trio. Alle frammøtte samlast rundt å lage ei klatregruppe under IL Trio og eit interimsstyre vart skipa.

Medlemmer i interimsstyret: Herborg Irgens Sjo, Rune Vassenden, Geir Kåre Sjo, Jarle Larsen, Johannes Heien, Roar Hus, Kristine Reime Frøystein og Arild Haga.

Det var stor pågang og spørsmål rundt drift/opning av klatretårnet og ei Facebook side vart oppretta for å informere og skape interesse. Sida fekk fort fleire hundre følgjarar.

## Første styret

15.05.2024 vart første styret i IL Trio Klatring valt og konstituert.

Leiar:

Herborg Irgens Sjo

Medlemmer:

Aleksander Vangen

Rune Vassenden

Vara:

Geir Kåre Sjo

Rune Vassenden

Kristine Frøystein Reime

Roar Hustveit

Styret jobba godt saman og tok sikte opning i samtidig med skulestart hausten 23.

### HMT

Aktivitetar i ein klatrevegg er underlagt Produktkontroll loven og denne set ein del krav til HMT arbeid og dokumentasjon. Roar Hustveit tok på seg det innleiande arbeid og gjorde eit svært godt arbeid med å samle inn informasjon og lage naudsynt dokumentasjon. HMT dokumentasjon vart vedteken av styret 15.08.2023

## Organisering

Ein førebels leigeavtale av klatretårnet fram til 31.12.2023 vart inngått mellom Kvinnherad Kommune og IL Trio Klatring. Klatregruppa får disponere klatretårnet verdlagsfritt kvardagar frå 06:00-08:00, 16:00-24:00, laurdag 10:00-20:00, søndag 10:00-22:00. Klatregruppa får låne utstyret til kommune fram til ein får kjøpt inn eige utstyr (selar, sko og tau).

Opningstider, drop-in:

Måndag 17:00-18:30 barn/ungdom 6-13 år.

Måndag 18:30-20:00 ungdom over 13 år og vaksne

Torsdag 18:00-21:00 ungdom over 13 år og vaksne

Moglegheit for medlemmer i klatregruppa med Brattkort å kjøpe årskort/halvårskort. Med dette kortet får ein tilgang til klatretårnet utanom dropintider.

For å vera vakt i klatretårnet må ein minst inneha kompetansen "Brattkort". Via Facebook sida og andre kanalar fekk ein samla ein god gjeng i vaktlaget og den første vaktlista vart sett opp. Det vart sett opp med to vakter på kvar drop-in-kveld.

Alle som er med på vaktlaget får årskort.

## Opning og aktivitetar

3. september hadde me første opningsdag og det var stort frammøte med mange ivrige små og store klatrarar. Barneklatringa vart etterkvart så populære at me måtte utvide til å vera tre vakter. Utruleg kjekt med masse aktivitet på drop-in-kveld , men på grensa til kva ein klarar å handtere utan at det blir for mykje venting/kø .for dei frammøtte. Ein såg behovet for å ha ein ekstra drop-in-kveld for 6-13 årsgruppa, difor opna me onsdag i tillegg for dei minste med same klokkeslett som måndagar.

## Kursaktivitet

Det var stor pågang etter Brattkortkurs, men klatregruppa har berre ein godkjend "Instruktør Inne" (Aleksander Vangen). Me fekk gjennomført nokre brattkort testar tidleg på hausten. På grunn av godt samarbeid med Klatregruppa i Uskedal IL fekk fire stykk frå Klatregruppa vera med på «Instruktør inne» kurs i regi av Chris Fossli.

Me var då klare til å starte opp med Brattkortkurs og fekk gjennomført to kurs hausten/vinteren 2023. Med dette auka tilgangen på godkjende vakter.

Etterspurnaden etter brattkortkurs er stor og det er planlagt kurs utover 2024.

## Ulukke

Morgonen 7. november fekk leiar den triste meldinga om at det hadde vore ei alvorleg fallulykke i klatrehallen kvelden i førevegen. Den forulukka var blitt frakta til sjukehus med ambulanse alvorlege skader i føtene.

Politiet starta rutinemessig undersøkingar for å sjekke bakgrunn for ulykka. Saka vart ferdig etterforska i løpet av november og konklusjonen var menneskeleg svikt.

Sjølv om ulykka skuldast menneskeleg svikt gjekk styret gjennom rutinar og prosedyrar. Det vart vurdert å byte til større sperresegl, men leverandør tilrådde å vente med denne investeringa då nye elektroniske produkt som vil gje automatisk varsling skal vera klare i starten av 2024.

## Gåve Sparbank1 stiftinga

Styret i klatregruppa sende søknad om støtte frå Sparebank 1 Stiftinga Kvinnherad. Budsjettgrunnlaget for søknad dekka innkjøpt av klatreselar, sko, tau og anna sikringsutstyr i tillegg til ein del nye klatregrep og innleige av hjelp til rutesetting. Nye ruter med andre typar grep vil vera med å gjera klatreveggen meir interessant og spennande for alle klatrar.

IL Trio Klatregruppa var heldige og fekk tildelt kr 200.000 i gåve. Utstyr vart kjøpt inn i starten av 2024 og nye klatregrep/rutesetting blir planlagt våren 2024.

## Oppsummering og andre aktiviteter

Klatreaktiviteten vart veldig godt motteken av kvinnheringane. Det har gått greitt å skaffe vakter og flyten på drop-in kveldane har vore god. Stemninga på drop-in-kveldar har vore god og det har vore kjekt å få vera med å starte opp med klatring i Kvinnherad Arena. Status på tal medlemmer i klatregruppa r pr 08.03.2024 er 91 medlemmer.

Elles så har me vore med på to felles arrangement med Kvinnherad Arena, "Open Dag" og "TV Aksjonen 2023". Under begge desse arrangementa var det godt besøk i klatreveggen.

Ei gruppe med ivrige småbarnsforeldre i foreldrepermisjon tok kontakt og sjekka moglegheita til å ha "Barselklatring" ein føremiddag i veka. Denne aktiviteten starta opp i desember 2023 og sjølv om aktiviteten er i "kommunal tid" er det organisert under IL Trio Klatring. Aktiviteten er open for dei som er heime med barn opptil 15 mnd.

# Årsmelding e-sportgruppa

IL Trio si e-sportgruppa vart oppretta seinvinteren 2023 etter initiativ frå idrettslaget og Kvinnherad Vidaregåande skule, som stiller med rom.

Med I oppstarten er Kai Morten Torget (leiar), Andreas Øvrehus (nestleiar), Raymond Hauge Johansen (styremedlem), Marlene Hauge Johansen (Styremedlem og økonomiansvarleg) samt Mats Robin Helland (Styremedlem).

Fram Mot sumaren arbeidde gruppa med utforming av rommet, val teknisk løysing og skissering av korleis gruppa bør drivast. Det vart starta innhenting av prisar på spesifisert ferdigbygde datamaskinar.

Datamaskinane vert bygd klar for montering i rack skap, som skal kjøpast brukt.

Utover hausten har arbeidet gått noko seint, hovudsakleg grunna plutseleg dødsfall i familien til leiar.

På seinhausten var prising og forhandlingar med leverandørar starta opp att og datamaskinar vart bestilt frå Multicom AS som hadde den beste prisen i Desember. Samstundes med forhandlingane vart det laga til avtale med Kvinnherad Breiband om internettlinje og nettverksutstyr, dei tilbydde utstyret til kost, gratis etablering/installasjon og ei 1gbps linje til 300,- mnd. Avtalen er klar for signering.

Avtalen med Kvinnherad Vidaregåande / Vestland Fylkeskommune er signert frå trio si side, skulen arbeidar med og sjekke opp detaljar kring sponsor banner i lokalet. Dette kjem på plass i Januar 24 i lag med avtale med Kvinnherad Breiband slik at dei startar opp arbeid med installasjon.

KVV fabrikkera benkar til oss og legger til rette med el installasjon og naudsynte trekkrøyr.

Gruppa satt i desember siktemål om testing og forsiktig oppstart i Februar.

Endring i styret tideleg desember. Mats Robin Helland fell frå av personlege orsakar.

Omtrent samstundes har ein Knut-Andre Lauritzen meldt han ynskjer og bidra, då han skal flytte til Husnes ila starten av 2024.

I Januar 2024 kjem gruppa til og starte rekruttering og legge ein plan for nær framtid.

For styret i e-sportgruppa, Kai Morten Torget.

**Årsmelding Basketballgruppa 2023**
Styret:
Leiar: Kim Åge Bjørsvik
Easybasket ansvarlig : Anne Berit sæthre
Kasserer: Mona Herskedal Eide
Ungdomsbasket ansvarlig: Lena Hovden Tarberg og Maria isdal Tofte

Vi har 2 lag i basketballen, det er Easybasket og ungdom 5v5.

Easybasket har pr dags dato 10 spillere og ungdom 5v5 har ca 15 spillere

Ungdoms gruppen 5v5 har denne sesongen ikke hatt noen arrangement , men hatt 1 stk treningskamp på Stord mot et Stord lag.

Easybasketball har vert på 2 stk cup, ene på Stord å den andre i Tysvær , men skal førstkommende lørdag(16 mars) på cup på Stord.

Det sportslige resultatene på easybasketballen har vert veldig bra, vi ser en stor utvikling. Guttene viser stor interesse men dessverre til tider dårlig oppmøte, noe som gjør at treningene blir der etter pga for lite spillere på treningene. Har og hatt en ukrainsk trener med dårlig språk så har vert avhengig av foreldre til å gjenformidle det trener sier, samt Google oversetting.

Ungdomsgr 5v5 har hatt godt oppmøte å gode treninger etter hva ungdom 5v5 ansvarlig har fortalt.

Utfordringene har vert mange, men vi har klart å klatre oss oppover å ser no at ting begynner å komme seg. Vert mye å sette seg inn i, å dessverre har foreldre bidratt svært lite. Vi har heldigvis noen ild sjeler av foreldre som har bidratt så godt dem har kunnet.Noe vi er veldog fornøyde med.

Som nevnt ovenfor så har vi hatt en ukrainsk kvinnelig trener , hvor språk å nivå messig trening har vert en stor utfordring. Med nivå messig trening mener jeg at hun har lagt treningen alt for høyt for dem minste guttene, dette har både Kim Åge og Anne Berit jobbet mye med å få endret på, med blandede resultat. Det har også vert favorisering av dem beste å dem dårligste på laget noe vi har slått hardt ned på.
Pr dags dato står vi no uten trener til Easybasket gjengen da trener har trukket seg , å kun ønsker å fortsette å trene ungdomsgruppen 5v5.
Kim Åge har sagt seg villig til å trene Easybasket gutane frem til vi får arrangert trenerkurs , å får flere foreldre med på laget.

Men vi er med godt mot å håper kommende år vil gi resultater for jobben vi har gjort å videre planer vi har for klubben.

Mvh
Kim Åge Bjørsvik
Leiar i basketball

# ÅRSMELDING 2023 – IL TRIO VOLLEYBALL

## Generelt frå gruppestyret

I tidligere har volleyball vært veldig populært på Husnes. Vi har hatt mange lag både på seniornivå og i aldersfastsette klasar. Når damelaget eller herrelaget spelte kamp, har idrettshallen vært fylt av mennesker. Mange barn og ungdommer fyllete idrettshallen med spilleglede. I begynnelsen av 2023 fant vi at noko måtte skje for å bringe klubben tilbake mot «nye høgder», at styret må få nye medlemmer og at volleyball må få ny inspirasjon. Vi ønsket å utvikle klubben med hjelp av NVBF, derfor inviterte vi inn Kate Sønstebø fra NVBF med klubbutviklingsprogrammet. Klubbutviklingsprogrammet er alt som gjøres for at idrettslaget utvikler seg fra dagens situasjon til en ønsket framtidig situasjon. Her fokuserer man på hva medlemmene synes om klubben sin og hvordan de ønsker at klubbmiljøet og tilbudet skal være i fremtiden. Vi tror på at det utløses ny energi og frivillighet når medlemmene samles og føler eierskap til hva som skjer med klubben.

Det ble to veldig produktive dager hos Trio IL Volleyball, med Startmøte mandag og Alle kort på bordet tirsdag. Styret – som ble valgt senere tirsdag kveld – fikk med seg gode innspel fra både foreldre og spelarar dagen før, og når dei valgte sine tre satsingsområder var det også litt i lys av dagen før. Det er veldig bra, og med engasjement fra flere vil styret ha veldig gode forutsetninger for å lykkes.

Å være en del av et fleridrettslag har fordeler og ulemper – og det er behov for at Hovedstyret i Trio har forståelse for arbeidet som blir gjort i gruppene og på ein positiv måte legg til rette for aktivitet i dei ulike undergruppene.



den mentale helsa til mange ... melle læreplanar som vi vil ... formelt samarbeid for å styrka ... oss angåande noko slikt, og no ... bidra, legg Kristine til.

**Vil ha fart i volleyballen igjen**

**Viss du er ein av dei som brenn for volleyball, eller kjenner nokon som er interesserte, bør du stilla opp i Husneshallen måndag 13. mars.**

MONA GRØNNINGEN
mona@kvinnheringen.no

For nokre år sidan var volleyballgruppa til Trio stor, og hadde både damelag, herrelag, barn- og ungdomslag. Men i det siste har det vore stille og lite aktivitet. Dette ønskjer blant anna Sille Tars å gjera noko med, og inviterer alle som er interesserte i volleyball til eit klubbmøte måndag ettermiddag 13. mars, i Husneshallen.

- Då får vi besøk av klubbrettleiar Kate Sønstebø i Norges Volleyballforbund, og saman skal vi finna ut kva medlemmane og andre ønskjer at vi i IL Trio si volleyballgruppe skal gjera framover. Vi skal også i løpet av kvelden laga planar saman, slik at ønska våre kan realiserast! skriv Tars i ein e-post til Kvinnheringen.

Det er sett av mellom tre og tre og ein halv time til møtet, ut frå responsen frå dei som stiller opp. Dei som ønskjer å vera med blir bedne om å melda seg på her, via Min idrett.

- Om ein får problem med å melda seg på via linken, er det sannsynlegvis fordi ein ikkje har brukar på Min idrett. Då berre lagar ein seg ein brukar, for det må alle som er knytte til norsk idrett ha, opplyser Tars.

Tars legg elles til at dagen etter, tysdag 14. mars, blir det møte mellom styret og nokre ivrige trenarar. Den har fått arbeidsnamnet «Alle kort på bordet».

**BRENN FOR VOLLEYBALLEN:** *Sille Tars (i midten) håpar at dei som synest volleyball virkar moro melder seg på klubbmøtet Trio skal ha måndag 13. mars.*
ARKIVFOTO

Vi ønska også å utdanne nye trenarar og rekruttere nye medlemmer. Klubben har brukt lokalavisa og facebook til å informere om hvilke muligheter vi har, og kva visjon har vi i dag. Rekruttering av barn og ungdommer går gjennom facebook side og gjennom «venn til venn metode».
Kva vi har lukkast med i 2023:

1. Medlemstallet er steget
2. Volleyballgruppa har fått eit godt fungerande styre og trenergruppe
3. Volleyballgruppa har starta med G17 og 3. divisjon herrelag

4. Volleyballgruppa har lykkes med prosjektskriving, har fått støtte av Sparebankstiftinga Kvinnherad, Sparebanken Vest, og har fått gode draktsponsorar som får sin logo eksponert på draktene til alle laga i Volleyballgruppa
5. Volleyballgruppa har gjennomført dugnader på sandbanen og har hatt sommeraktiviteter på i form av mellom anna sandvolleyballturneringar
6. Volleyballgruppa har fornya heimesida vår.
7. Volleyballgruppa har rekruttert nye ungdomstrenarar og dommarar.
8. Volleyballgruppa har hatt familier til åpen dag i idrettshallen, med mange forskjellige aktiviteter, lek og avsluttet med fine premiar.
9. Volleyballgruppa har kjøpt inn mykje nytt utstyr - volleyballar, skap og utstyr for lett styrketrening
10. Volleyballgruppa har arrangert stor seriehelg med eit stort antal tilreisande lag der ca. 250 spelarar var i aksjon. Vi fekk mykje skryt for arrangementet som var det første store arrangementet Volleyballgruppa hadde i Kvinnherad Arena
11. Volleyballgruppa har bestilt nye overtrekksdrakter til alle lag i gruppa.

## Mini 2.-4. klasse

I minilaget har vi 8 medlemmer der tallet ikkje er heilt sikkert etter jul. Trenarar planlegger turnering med laget i Øystese 10. mars, her reiser dei i lag med laget til Tormod Oppdal Gjerde sin J 5-7 klasse. Dette blir noko spelarane kan sjå fram til, og vera med å motivera for oppmøtet. Trenarar er fornøyde med og synes treningane har gått veldig bra – og antall spelarar er aukande. Unge trenarar jobbar med å få Spond oppe å gå, og håpar dette kommer opp i nær framtid.

Trenarar for miniklasse: Thea Elise Eliassen og Oline Skogseth

### Jenter 2011-2013

